

## Årsmelding for Odda Mållag for året 2006.

### **Styret:**

#### **Leiar:**

Harry B. Solberg. Vald i 2006 for 1 år.

#### **Styremedlemmer:**

Harald Jordal. Vald i 2005 for 2 år.

Marita Vårdal. Vald i 2005 for 2 år.

Helga Gjerding. Vald i 2006 for 1 år (etter hennar ynskje).

Jorid Ystanes. Vald i 2006 for 2 år.

#### **Varafolk:**

1. Marit Bleie Mannsåker.

2. Ingvild Jøsendal.

3. Brita Langva.

4. Turid Astring Solberg.

Marita Vårdal døydde i juni 2006. Marit Bleie Mannsåker kom inn som styremedlem og kasserar etter henne i september 2006.

Leiar og varafolk står på val kvart år. Styremedlemmene står på val annakvart år.

#### **Revisor:**

Gerd Hereide.

#### **Valnemnd:**

Kristin Digranes, Ingvild Jøsendal og Knut O. Dale.

### **Årsmøtet, medlemstal og styremøte.**

Årsmøtet vart halde i Ungdomshallen 16.02.06. Der var 17 frammøtte.

I 2006 hadde laget 110 betalande medlemmer. Det er 15 mindre enn året før.

I meldingsåret har det vore 6 styremøte.

### **Utendingar på møte.**

Marit Bleie Mannsåker deltok på årsmøtet til Hordaland Mållag på Hordaheimen i Bergen 18. og 19.02.06.

Ingvild Jøsendal, Harald Jordal og Jorid Ystanes deltok på Noregs Mållag sitt landsmøte i Oslo 28.-30.04.06.

### **Målprisen.**

Bård Kolltveit vart tildelt Målprisen for 2005, trykket "Bokstavflygarar" av Solfrid Aksnes.

### **Tilskippingar.**

Kulturkveld i høve Noregs Mållag sitt 100-årsjubileum i Odda kino 29.10.06. Dette var ei vellukka tilskipping som me hadde i samarbeid med Ullensvang Mållag. Programmet vart godt mottatt av dei mange frammøtte.

Kulturkveld i Ungdomshallen 12.11.06 i samband med lanseringa av "Odda i manns minne" nr.15. Dette var ei tilskipping som me hadde i samarbeid med Odda Ungdomslag. Dei hadde ansvaret for matøkta. Også dette var ei vellukka tilskipping med mange frammøtte.

### **Aksjonar og tiltak.**

Harry B. Solberg og Randi Sandbu Aga hadde møte 06.04.06 med leiinga på Odda vidaregåande skule om nynorsken si stilling der.

Mållaget hadde minneord om Marita Vårdal i Hardanger Folkeblad.

Mållaget markerte seg med annonse i Røldalsmarknaden si avis.

Styret sende ein reaksjon til Odda kommune då "Kommuneplan for Odda" var ute til høyring, og det viste seg at heile den var skriven på bokmål.

Mållaget inviterte til tur til Oslo for å sjå "Hair" på Det Norske Teatret. Turen måtte avlyst på grunn av få påmelde.

Mållaget sende brev til Justisdepartementet med kopi til Hardanger Politikammer, Noregs Mållag og Hordaland Mållag vedkomande det at skjema som gjeld dødsbu, arv m.v., berre er å få på bokmål på lensmannskontoret i Odda.

Mållaget sende brev til dei næringsdrivande i Røldal vedkomande verdien av å nytta nynorsk i marknadsføring og profilering av bygda. Røldalsfaldaren vart lagt ved.

Mållaget har vore i munnleg kontakt med leiinga i Rema 1000 i Odda vedkomande bruk av nynorsk der.

Mållaget hadde lysing i Hardanger Folkeblad i høve skulane si innskriving av nye elevar.

Harry B. Solberg og Harald Jordal deltok på historieseminar på Hardanger Folkemuseum 03.og 04.11.06.

### **Bokutgjevingar.**

I høve Noregs Mållag sitt 100-årsjubileum, gav Odda Mållag ut boka "Oddingar har skrive". Harry B. Solberg, Kristen D. Eitheim, Harald Jordal og Marit Bleie Mannsåker var i skriftstyret. Opplaget var 500 bøker, og så godt som alle er selde.

"Odda i manns minne" nr.15 er ei bok på 200 sider, og vart gjeven ut i eit opplag på 1500. Harry B. Solberg, Kristen D. Eitheim, Harald Jordal og Marit Bleie Mannsåker var i skriftstyret. Også dette året hadde me dugnadssal i Sørfjordsenteret 3 laurdagar før jul. Salet har vore godt. Me har om lag 100 bøker igjen i lageret vårt.

### **Gåver, påskjøningar og stønader.**

Styremedlemmene har fått kvar si bok: "Viljen til språk" av Ottar Grepstad.

Oddveig I. Reisæter frå Ullensvang fekk Nynorskprisen, diplom og ein sjekk på kr.2000,- for god innsats på Odda vidaregåande skule.

Vasstun Gjestehus har fått 3 "Odda i manns minne" og "Vandring i gammal og ny tid" i gåve frå mållaget.

4 nye og unge journalistar i Hardanger Folkeblad har fått kvar si "Vandring i gammal og ny tid" i gåve frå mållaget.

Harry B. Solberg fekk bokverket "Vestlandets historie" som takk frå mållaget for det store arbeidet hans med utgjeving av "Odda i manns minne".

Mållaget gav dei tillitsvalde lodd frå jubileumslotteriet til Noregs Mållag som julehelsing.

Mållaget har støtta Telemarkforlaget med kr.1000,- til utgjeving av boka "Visur før adde".

Mållaget har gjeve "Vandring i gammal og ny tid", "Oddingar har skrive" og 4 "Odda i manns minne" til pasientbiblioteket på Odda Sjukehus.

Eit Dag og Tid-gåveabonnement som kom til styret, er omadressert til Odda Sjukehus.

Mållaget abonnerer på Norsk Barneblad til Odda legesenter og Tannklinikken i Odda.

Bladet Pirion blir gjeve til 8 barnehagar.

### **Tiltak som er under arbeid.**

Utgjeving av "Odda i manns minne" nr.16.

Fornyng av Odda Mållag si heimeside på internett.

Verving av nye medlemmer.

Møte med Ottar Grepstad og programmet hans: "Ivar Aasens store alvor og vår tids glede".

**Sluttord.**

Odda Mållag har hatt eit nytt godt arbeidsår. Det er gledeleg at mange viser interesse for, og kjem med gode tilbakemeldingar om, tilskippingane og bokutgjevingane våre. Samarbeidet som me hadde med Ullensvang Mållag om kulturkvelden i Odda kino, var inspirerande og kjekt. Me håpar det kan la seg gjera å få til fleire gode samarbeidstiltak med dei i tida som kjem.

For styret,

Jorid Ystanes,  
skrivar.